



Pål Magne Austnes under konserten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen har lagt bak seg ein ny vellukka felleskonsert, også kalla Ungt Blod..**

**No søker korpsa om ein stønad på 15.000 kroner frå Ungdommens kommunestyre (UKK) til prosjektet. Samla utgiftssum i budsjettet er 81.900 kroner.**

Finansieringsplanen er ellers ført opp med ein eigenkapital på 45.0000, 20.000 i gåver og sponsorbidrag og 1.900 i andre inntekter.

I budsjettet er det rekna med billettinntekter på 30.000.

Under "forventa utgifter" er det kalkulert med 20.000 til instruksjon ved Pål Magne Austnes, 26.000 i instruksjonshonorar under to helgeseminar, 6.000 til mat under seminar, 5.000 til husleige ved Rosendal samfunnshus og 4.400 til overnatting, for å nemna nokre av postane.

Av Ola Matti Mathisen